

KVA MÅ GJERAST?



Noregskommunistiske studentforbund

Nummer 1/1996

8. januar 1996

I dette nummeret.....

✓ **Trotskismen**, ein ideologi som går kapitalismen sitt ærend. Me ser på korleis trotskistar kan øydeleggja folkelege organisasjonar

side 1 og 2

✓ **Palestina i dag**

side 2 og 3

✓ **Nazismen lever i Noreg.**

Rasisme er eit problem som gjeld deg au. Antirasistisk kampanje i januar.

side 3 og 4

✓ **Hernes den suverene.....**

side 4

og so gjennom "Internasjonale Sosialister"(IS).

Grunnen til at vi tek opp dette her i "Kmg", er ikkje i fyrste rekkje for å halde i gang meir eller mindre uinteressante ordskifte om historiske fenomen på "venstresida". Hovudgrunnen er at trotskistane no for fyrste gong spelar ei viss rolle innanfor delar av dei politiske aktivistmiljøa her i landet.

Det er mange skilnader mellom dei politiske standpunkta til kommunistar og trotskistar, t.d. i analysen av det nasjonale spørsmålet, synet på staten, om det er rett å freista byggja sosialisme i eitt land, synet på bønder og andre potensielle allierte av arbeidarklassen og frontpolitikk. Ut i frå kva som er viktug i aktivistmiljøa på "venstresida" no, og ut i frå plassomsyn,

frontpolitikk, kor det berre har vore tale om arbeidarklassen, og ikkje at denne klassen óg treng allierte, t.d. i Noreg: bønder og fiskarar. På dette viset vert det ikkje røyndege frontar eller alliansar med breidde av folk med ulike standpunkt og røyndler. So har då heller aldri trotskistar hatt noka rolle å spele i frontarbeid i Noreg før no i dei siste åra.

I praktisk frontarbeid, som er den viktugaste gradmålaren her, er det serleg på tre område som trotskistane utmerker seg i negativ lei: det er ved sekterisme i det politiske grunnlaget for frontarbeidet, det er ved uvilje mot å byggja røyndege frontar med politisk breidde og indre demokrati og det er ved overdrivne markeringar av eigen organisasjon i staden for fronten sitt politiske grunnlag.

Sekterismen artar seg ved å gå inn for å få flest mogleg parolar med i grunnlaget for einkvar frontorganisasjon, samt å ikle desse parolane mest mogleg "raude og revolusjonære" frasar. Det politiske re-

Trotskismen og trotskistane sin frontpolitikk


Gagnar denne høgre- eller venstresida i politikken?

Innanfor den sokalla "venstresida" finst ein rad med ulike retningar og parti som sjølve hevdar at dei er "radikale", "revolusjonære", "meir radikale enn alle andre", osv. Mellom desse gruppene finst fleire ulike retningar som har opphavet sitt i trotskismen, basert på "læresetningane" til Leo Trotskij. Trotskistane internasjonalt finst innanfor ulike organisasjonar og parti, vesentleg i høgt utvikla, kapitalistiske land.

I Noreg har trotskismen tradisjonelt stått veikt, med unnatak av ei gruppe i DNA på 30-talet som for dei fleste sitt vedkomande vart nazistar eller nazimedløparar under 2. verdskrigen. Med unnatak av spreidde tilløp på universiteta, var det ikkje før på 80-talet at organisasjonar som med rette kan kallast trotskistiske gjorde seg gjeldande i det politiske landskapet her til lands. Då fyrst gjennom "Arbeidermaktgruppa" (AMG),

so vil me her i denne omgangen berre gå nærare inn på "frontpolitikken" - det arbeidet som vert gjort i ulike interesse- og aktivistorganisasjonar.

Det ideologiske grunnlaget når det gjeld frontpolitikk mellom kommunistar, som t.d. NKS, og ulike heil- og halvtrotskistiske grupper som IS og AMG, ser i utgangspunktet ikkje so ulikt ut. På eit eller anna "parole-stadium" vil ein kunne nå semje reint overflatisk, når det gjeld prinsippa for "einskapsfronten", osv. Trotskistane har likevel historisk lagt seg på ein snever og heller "arbeidaristisk"



sultatet av dette vert at parolane slår i alle retningar utan å konsentrera seg om ein hovudfiende, noko som i seg sjølv gjer det vanskelegare å byggja alliansar. Ei slik line gjer óg at frontane ikkje femner

so breitt som dei elles ville ha gjort, og at det vert vanskelegare å trekkja uavhengige og folk som elles ikkje driv med politikk, med i arbeidet. - Om dei ikkje lukkast med taktikken sin og vinn gjennomslag for linene sine innanfor fronten, so har trotskistane ein tendens til å trekkja seg ut, for so å satsa på ein annan front eller komité styrt av dei sjølve. Den sjølvkonstruerte rolla som "permanent opposisjon" til einkvar organisasjon og til eitkvart framlegg som dei står for, gjer at dei ofte etter ein del strid kjem i ei slik stilling. Praksisen deira i frå EU-kampen og det antirasistiske arbeidet i Oslo dei siste åra er døme på dette.

Både under EU-kampen og ved den store anti-rasistiske demonstrasjonen i Oslo i juli '95, freista óg IS'arar å jaga bort demonstrantar som bar med seg det norske flagget som ei politisk markering. Ved desse høva kom altso noko av det politisk mest grunnleggjande hjå trotskistane fram óg i frontarbeidet, avvisninga av det nasjonale spørsmålet som anten uviktug eller reaksjonært. Ved å slik avvisa det nasjonale aspektet i ein kamp om sjølvråderett opp imot Europaunionen, og i kamp mot nazismen etter at Noreg faktisk var okkupert av Hitler-Tyskland under 2. verdskrigen, seier ganske mykje om breidda og den politiske motstanden som trotskistane ynskjer kring desse spørsmåla!

Trotskistane si motvilje mot lojalt å fylgje demokratiske avgjerder og spelereglar innanfor ulike frontorganisasjonar heng i hop med deira stendige organisasjonsmarkeringar i alle frontar dei er i nærleiken av. Døma på dette er mange. Det vel klåraste i universitets- og høgskulesamanheng, er frå dei store studentaksjonane hausten '93, kor IS'arar uttala seg som om det var ein rein IS-aksjon som var sett i gang. Eit anna og ferskare døme er frå ein i utgangspunktet lokal aksjon mot nazistar og nazivald i Gamlebyen i Oslo, kor IS'arar møtte opp med fullt av IS-parolar og IS-flagg for slik å få demonstrasjonstoget til å sjå ut som eit reint IS-arrangement. Eit tridje klårt døme på denne praksisen, er framferda til IS i SOS Rasisme. I strid med vedtektene i organisasjonen driv dei med partipolitiske markeringar, som sal av eige materiell og bering av eigne "parti"-

parolar under arrangement i regi av SOS Rasisme. På bakgrunn av denne udemokratiske (og organisasjonssjåvinistiske) praksisen til IS'arar, har SOS Rasisme vorte nøydd til å ekskludera nokre av dei fra organisasjonen sin.

Frontarbeid har vore eit av dei store problema for trotskistane óg her til lands, - medan det no har vorte eit problem for andre deltakarar i dei frontorganisasjonane som trotskistane arbeider i! Sjølv om mange medlemmer av IS og AMG gjer ein stor og fortjenestefull innsats som aktivistar i einskilte frontar, er dei politiske linene og den framferda som desse organisasjonane står for ute i ymse masserørsler, eit langt større problem enn ein styrke for desse same rørslene. Ved verksemda si er trotskistane no med på å snevra inn oppslutnaden kring ulike masserørsler, og dimed andsvarlege for å "ufårleggjera" desse i den politiske striden.

Det primære for trotskistane synst heile tida å vere å byggja ut sin eigen organisasjon med ei ny medlem eller to, ikkje den politiske målsetjinga som dei ulike frontorganisasjonane har for arbeidet sitt. Ved å ha ei slik politisk line, og praksis, som dei har, er ikkje nett trotskistane med på å styrkje dei kraftene i den politiske striden som dei sjølv hevdar, men er snarare med på å oppretthalda dei maktilhøva som eksisterer i samfunnet allereie. Ofte synst det som om trotskistane tek det vrengebiletet som t.d. Aftenposten presenterer, og gjer det til ei rettesnor for si eiga verksemd!



Pax Americanum - Palestina i dag

Utviklinga i Midt-Austen går so snøgt for tida at ein klyp seg i armen annankvar dag. Vegane kring dei palestinsk-styrte byane på Vestbreidda vert patroljerte av palestinske gendarmer og israelsk grensepoliti i sams kjørety, som i ein gamaltestamentleg visjon. På barane i Vest-Jerusalem drikk israelsk ungdom "Al Tayeb"-øl frå det nyepalestinske bryggeriet i Ramallah på Vestbreidda.


Den største grunnen til at palestinarane i det heile oppnådde noko - oppnådde å verta forhandla med - var intifadaen, det palestinske opprøret. Då palestinsk ungdom på slutten av åttitalet byrja å kasta stein på dei, og palestinske kjøpmenn nekta å fylgja opningstidene deira, vart israelarane sjokkerte. Det tok dei ei god stund å forstå kva som var i ferd med å henda, kva alle desse rasande menneska eigentleg sa. Eit av intifadaen sine viktigaste bodskapar til israelarane var å syna dei at palestinarar var som dei, dei var ikkje israelarar med ein annan religion og språk, men eit eige folk og ein eigen nasjon. Intifadaen var meir utmattande for palestinarane sjølv enn for israelarane, men dei oppnådde å få verdas augo retta mot seg. Etter at palestinarane hadde slitt seg totalt ut med intifadaen, kom Gulf-krigen - ein krig som holdt på å ta knekken på dei. Dei valte gal side, i alle fall såg det slik ut for resten av verda. Israel fekk att offer-statusen i verdsopinionen. Tusenar av palestinarar som hadde arbeidd i Kuwait og andre gulf-statar vart utviste og kom heim. Ikkje berre mista familiane den livsviktige innkoma deira, men det vart nok ein arbeidslaus å ta vare på. Mest 80% av dei palestinarane som hadde arbeid i Israel mista stillingane sine. Den store økonomiske blokaden hadde starta og med den den politiske blokaden av PLO.

Midt oppi alt dette elendet, frå fjerne horisontar kunne ein skimta ein fjern rytta som nærma seg frå vest. Om han kom i ein skinande rustning eller med kløyvt hov, var ikkje tydeleg. Om det var for å redda Midt-Austen frå armtaket åt krigen eller for å utnytja den utmatta og oppslitta stoda palestinarane var i, er heller ikkje klårt. Ein ny verdsorden var i

Mange ungdomar kjem ikkje inn på dei skulane dei ynskjer eller dei vert gåande utan lærlingeplass. Desse problema kan fagrørsla berre slåst mot og nedkjempa om ho står samla. Difor er nazistane og dei rasistiske ideane den verste fienden åt fagrørsla. Nazistane splittar folk etter hudfarge og kulturbakgrunn. Folk som arbeider i lag eller bur i same oppgang vert lurte til å sjå kvarandre som fiendar i staden for å kjempa saman for betre livskår.

Ikkje sidan 30-åra har nazistane vore so på offensiven som i dag. Då au gjekk nazibandar til åtak på folk med annan bakgrunn og aktivistar på venstresida. Den gongen klårte arbeidarrørsla å knusa desse valdelege bandane. Det var fyrst bak Hitler sitt krigsmaskineri at nazistane kom til makta i Noreg. Det er ikkje tilfeldig at fagorganiserte og arbeidarungdom var dei ivrigaste i aksjonane mot nazismen. Freistnader på å svekkja eller forbjoda kollektive kamporganisasjonar som fagrørsla, har alltid vore noko av kjerna i strategien åt nazistane.

Vanlege arbeidstakarar og studentar møter ikkje mange nazistar i løpet av ei veke. Men borna våre møter dei stendig oftare. Me må ikkje la ungdomane stå åleine overfor den veksande nazistiske aggresjonen. Me lyt slå attende dei gruppane som freistar etablera seg i bydelane og skulemiljøa. Me må nedkjempa dei udemokratiske ideane deira.



Kampanjen **Aksjon Stopp Nazivolden** er namnet på eit initiativ teke av ei rekke fagorganisasjonar og antirasistiske organisasjonar som ynskjer å ta kampen opp mot den offensiven nazistane har no. Hovudparola er "Stopp nazistene - bekjemp rasismen". **Kampanjen byrjar 14. januar og avsluttast med ein stor demonstrasjon 27. januar.** Onsdag 10. januar er det opent planleggingsmøte kl 1900 i Arbeider-samfunnet i Oslo.

Hernes den suverene.....

Det er eit velkjent fenomen at maktapparatet styrer utviklinga gjennom å velja ut dei "rette" folka. Det nye med Hernes er at han so tydeleg viser maktarrogansen sin. Som *statsråd* grip han faktisk direkte inn i ein tilsetjingsprosess ved ein av landets høgare utdanningsstadar. Han overstyrer m.a.o. dem som driv høgskulen. Grunngevinga for inngrepet frå Hernes er av høgst personleg karakter i fylgje avisene. Det er nemleg slik at Hernes "liker" og forstår naturalistisk kunst betre enn abstrakt kunst. Difor er det berre rett og rimeleg at Statens kunstakademi tilsetjer ein naturalistisk kunstnar i det nyoppretta professoratet!!

Sjølve personutvelgjinga er ei anna utfordring for Hernes. Rolf Groven må jo vera den ideelle kandidaten? Han har ei naturalistisk uttrykksform - mykje betre enn Vejbjørn Sand, tykkjer eg - og er samfunnskritisk og aktuell i temavala sine. I tillegg har han i fylgje avisene faktisk søkt professoratet. Men so var det dette med utvelgjinga og legitimeringa av det rådande maktapparatet då..... Men no slipp i alle fall Hernes å ta stilling til det - no som han har vorte helseminister. Eg vil tru at dei fleste er spente på neste utspel frå statsråden. Kanskje har han so god personleg røynsle med lækjedomseffekten av healingsteinar at han vil gjera framlegg om endringar i medisinstudiet? Då vil han påverka område innanfor to departement, og det må vel vera toppen for ein person som Hernes.

Studiering i marxisme og bøllekurs for studentjenter

Somme hevdar at marxismen er ein daut ideologi på historia sin skraphaug. Me påstår at marxismen er eit fornuftig verkty, teori og analyseapparat for å forstå verda kring oss, historia og vilkåra for å skapa eit nytt og betre samfunn.

Kvart semester skipar NKS studiering. Ein studiering gjev oss høve til å gå djupare i sentrale marxistiske emne. Om du har hug til å studera den politiske økonomien eller den historiske materialismen vil ein studiering vera ein god innfallspport. I tillegg tek me opp imperialismen og det nasjonale spørsmålet, kvinnekamp, sosialisme og kommunistisk organisering. Du treng ingen serskilte forkunnskapar for å kunna vera med. Førebuingsmaterialet vert delt ut.

Bøllekurs er eit sjølvtillitskurs for jenter. Målet er ikkje at jenter skal verta bøller, men at dei skal læra å takla det å verta bølla med. Kvinnerørsla på '70- og '80-talet hadde aktive jenter som sto saman og mellom anna strei for å endra eit urett lovverk, synleggjera kvinner og oppmoda dei til å velja utradisjonelt.

Berre kunnskap og aktivitet blant folk sjølve er det som kan skapa endringar og betringar av samfunnet.

Om du trur studiering eller bøllekurs er noko for deg, send inn slippen nedanfor og me kontaktar deg med nærare opplysningar.

Noregs kommunistiske studentforbund

NKS er ein organisasjon som byggjer på marxismen-leninismen-Mao Tse Tungs tenkjing, og som har teke mål av seg å stri for ein sosialistisk revolusjon med eit klasselaust kommunistisk samfunn som mål.

Medlemsskap i NKS er ope for alle som stør den politiske plattformen åt organisasjonen, godtek vedtektene, deltek i arbeidet i ein grunnorganisasjon (der det er mogleg) og svarar kontingent.

Ja, eg vil ha informasjon om NKS
Ja, eg vil gå på studiering i marxisme
Ja, eg vil gå på bøllekurs for studentjenter

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr/stad: _____

Tlf: _____

Lærestad/fakultet/linje: _____

Send slippen til : NKS, Osterhausgata 27, 0183 OSLO